



STATSMINISTERENS KONTOR

Pressemelding

Nr.: 87/1998
Dato: 20. mai 1998
Sperrfrist:

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Sundag 24. mai kl. 11.00 er statsministeren til stades under biskop Gunnar Stålsett si vigslingsgudsteneste, i Oslo domkyrkje.

Tysdag 26. mai kl. 10.00 opnar statsministeren generalforsamlinga i Handelens og Servicenæringens Hovedorganisasjon, på Radisson SAS Plaza Hotell i Oslo.

Onsdag 27. mai kl. 10.00 held statsministeren tale til generalforsamlinga i Business and Industry Advisory Committee to the OECD, på Holmenkollen Park Hotell i Oslo.

Torsdag 28. mai kl. 11.15 tek statsministeren imot den argentinske presidenten, Carlos Menem, til samtale på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Etter samtalen, om lag kl. 12.00, er dei to tilgjengelege for pressefolk same staden. Kl. 19.30 er statsministeren vert for ein regjeringsmiddag for president Menem, på Akershus slott. Det er høve til å fotografere ved innleiinga og under talane, for ein pool med desse redaksjonane: NRK/Dagsrevyen, NTB, Scanfoto, Se og Hør og TV2/Nyhetene. For fleire pressedetaljar om Menem si gjesting, viser vi til UD sitt pressekontor, telefon 22 24 31 41/49.